



Arkivnr: 2016/2443-18

Saksbehandlar: Jon Erik Vollan og Arthur K. Arnesen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		16.11.2016

## Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016

### Samandrag

Etter at dei nye retningslinene for forvaltning av kompensasjonsmidlar i Hordaland for perioden 2015-2020 vart vedteke av fylkesutvalet i januar 2016 vart det gjennomført ein søknadsrunde med søknadsfrist 1. juli 2016. Det vart ikkje lyst ut midlar i 2015 i påvente av dei nye retningslinene. Dermed blei både midlane for 2015 og for 2016 utlyst i denne søknadsrunden.

Styringsgruppa har på bakgrunn av innkomne søknadar utarbeidd ein «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016», som vart sendt til fylkeskommunen 20. oktober 2016. Planen har ei samla økonomisk ramme på 44,494 mill. kr. Planen prioriterer prosjekta og fastsett bruken av midlane. I planen er 4 prosjekt og tiltak knytt til infrastruktur, 5 prosjekt knytt til kompetanse og 7 prosjekt knytt til området andre tiltak prioritert. Planen inneheld også ein omtale av 4 prosjekt som ikkje blei prioritert med grunngjeving.

Regionalt næringsforum (RNF) skal kome med si tilråding til fylkesutvalet. I sitt møte 26. oktober går RNF inn for at fylkesutvalet godkjenner planen, med nokre unntak og atterhald. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet følgjer RNF si tilråding.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen vil tilrår at Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar avsett til «Benkeprosjekt – Moster Amfi», til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».
2. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.
3. Unytta midlar for Kvam og Bømlo lysast ut på nytt.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

1  
2PLAN 2015 og 2016  
notat sa**Fylkesrådmannen, 27.10.2016****Innleiing**

Våren 2014 godkjende ESA Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) sitt framlegg til nytt regelverk for differensiert arbeidsgjevaravgift som gjelder frå 1. juli 2014 og ut 2020. Det inneber eit vesentleg skifte i ordninga, med nytt regelverk, færre midlar og færre kommunar. Kommunane som er med i perioden 2015-2020 er Etne, Bømlo, Kvam, og Modalen.

I tildelingsbrevet frå KMD for 2016 vart det signalisert at kompensasjonsmidlane kom til å verte fasa ut etter 2018. I samband med framlegg til statsbudsjettet for 2017 no i oktober blir det meldt at ordninga med kompensasjonsmidlar blir fasa ut og det vil ikkje bli tilført nye midlar i 2017.

Denne saka gjeld prioritering av 2015 og 2016 løyvinga til denne ordninga og for dei fire kommunane.

**Tidlegare handsaming**

I samband med handsaming av plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014, den 18.02.2015 (PS 52/2015) blei det gjort slikt vedtak:

*Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014. Unyttta midlar for Kvam herad blir overført til tiltaket "Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam".*

På bakgrunn av gjennomgangen av den regionale forvaltninga i Hordaland vart dei nye retningslinene for forvaltning av kompensasjonsmidlane i Hordaland for perioden 2015-2020 vedtekne av fylkesutvalet i sak PS 30/2016 den 29. januar 2016. Det blei gjort slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner det framlagte utkastet til "Retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane 2015-2020".
2. Fylkesutvalet godkjenner at det blir gjennomført ei felles utlysning av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016.

**Handsaming av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016**

I tildelingsbrevna frå KMD (2015 og 2016) blei det informert om dei økonomiske rammene og dei nasjonale føringane. Det er i stor grad dei same føringane for desse midlane som for dei ordinære midlane til regionalpolitisk utvikling. Midlane skal som hovudregel nyttast i dei kommunane som er omfatta av ordninga med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk virkeområde. Regjeringa peikar på at det kan vere fornuftig med eit samarbeid på tvers av kommunar og regionar som er omfatta av ordninga for å få til ein positiv utvikling av virkemiddelbruken.

Så snart tildelingsbrevet frå KMD for 2016 låg føre, blei styringsgruppa informert om retningslinene og den økonomiske ramma for 2015 og 2016 som var fastlagt slik:

Statleg ramme for 2015:	kr 28.700.000
Statleg ramme for 2016:	kr 14.700.000
+ Renter for 2014:	kr 1.385.754
+ Renter for 2015:	kr 1.307.913
- Disponert til forvaltning 2015 og 2016:	kr 1.599.667
<b>Netto disponibel ramme 2015 og 2016:</b>	<b>kr 44.494.000</b>

Samstundes starta fylkeskommunen arbeidet med utlysning av midlane i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som er sekretariat for styringsgruppa. I april blei kompensasjonsmidlane kunngjort med søknadsfrist 1. juli 2016. I den samanheng vart det lagt ut fylldig informasjon om ordninga på hordaland.no

og med krav om at søknadar skal registrerast via regionalforvaltning.no. Ordninga vart også kunngjort via lokalaviser i dei respektive kommunar som ordninga gjeld for.

Etter søknadsfristen vart søknadane handsama og prioritert av styringsgruppa for kompensasjonsmidlane gjennom to møter. Det vart utarbeidd ein samla Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016. Sakshandsaminga blei gjort av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, medan ein søknad vart vurdert av administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, grunna ugild hjå sekretariatet.

Den 20. oktober fikk fylkeskommunen oversendt Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016.

Regionalt næringsforum (RNF) har status som overordna styringsgruppe for kompensasjonsmidlane. Planen blei handsama av RNF den 26. oktober 2016 og det vart gjort slikt vedtak:

1. *RNF tilrår at Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar avsett til «Benkeprosjekt – Moster Amfi», til infrastrukturprosjekt i Kvam, og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».*
2. *Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.*
3. *Unytta midlar for Kvam og Bømlo lysast ut på nytt.*

## **Kort om innhaldet i planen**

Planen er lagt ved denne saka som eige vedlegg. Planen viser kva for søknader som er prioritert og kva for søknader som ikkje er det, med ei grunngjeving både av dei søknadane som er prioritert og dei som ikkje er det. Planen gir også ein kort omtale av alle søknadane som vert tilrådd stetta. I første del av planen finn de også referert krav til søknader og prioriteringskriteria samt opplysingar om styringsgruppa.

Disponering av midlane på dei ulike prosjekta går fram av tabellen under.

**FORDELING AV KOMPENSASJONSMIDLANE FOR 2015 og 2016 PÅ PROSJEKT**

<b>PROSJEKT INFRASTRUKTUR</b>	<b>Kommune</b>	<b>Omtale side</b>	<b>2015/2016</b>
Bømlopakken	Bømlo		29 088 027
Bygging av fortau Tonganevegen	Etne		853 909
Turistveg Hardanger Steindalsfossen	Kvam		830 000
Infrastruktur i Kvam	Kvam		2 246 849
<b>Totalt infrastruktur</b>			<b>33 018 785</b>
<b>PROSJEKT KOMPETANSE</b>	<b>Kommune</b>	<b>Omtale side</b>	<b>2015 og 2016</b>
Omstilling til optimal maritim samhandling	Bømlo		5 300 000
Ungt Entreprenørskap i Sunnhordland	Bømlo		600 000
Etablering av næringshage	Kvam		500 000
Ungt entreprenørskap i Hardanger	Kvam		50 000
Samling av Kvam vgs	Kvam		300 000
<b>Totalt kompetanse</b>			<b>6 750 000</b>
<b>PROSJEKT ANDRE TILTAK</b>	<b>Kommune</b>	<b>Omtale side</b>	<b>2015 og 2016</b>
Benkeprosjekt Moster Amfi	Bømlo		1 500 000
Arena for frukt og sider i Hardanger	Kvam		100 000
Visjonsprosjektet «Tett på»	Kvam		1 000 000
Selskap for sal og distribusjon av lokalmat	Kvam		300 000
Reguleringsplan	Kvam		500 000
Ålvik Industripark	Kvam		1 000 000
Vidareføring av prosjekt – auka turisme i Modalen	Modalen		75 215
<b>Totalt andre tiltak</b>			<b>4 475 215</b>
<b>TOTAL SUM FOR TILDELTE PROSJEKT</b>			<b>44 244 000</b>
<b>ADMINISTRASJONSKOSTNADAR</b>			<b>2015 og 2016</b>
Sekretariat/tapt arbeidsforteneste for styringsgruppa			250 000
Forvaltning HFK			1 599 667
<b>Totalt administrasjonskostnadar</b>			<b>1 849 667</b>
<b>TOTALRAMME</b>			<b>46 093 667</b>

Av planen går det fram at styringsgruppa har gjort følgjande vurdering av dei ulike prosjekta som er prioritert (sjå under). Sjølv om den skriftlege vurderinga er kortfatta, ligg det til dels omfattande diskusjonar og vurderingar i styringsgruppa og sekretariatet bak.

**Infrastrukturprosjekt:**

Bømlopakken – søkjar Bømlo Vegselskap AS

*Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då infrastruktur er eit næringsretta utviklingstiltak. Bedriftene i Bømlo har prioritert å bruka kompensasjonsmidlar til Bømlopakken, og målsetjinga er å utbetra vegstandaren på Bømlo slik at næringslivet kan vera lokalisert i ein distriktskommune, samt at talet på ulykker på vegnettet blir monaleg*

redusert. I finansieringsplanen som er lagt til grunn er kompensasjonsmidlar ein betydeleg del for å få finansiert og gjennomført Bømlopakken.

#### Bygging av fortau Tonganevegen – søkjar Etne kommune

Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då infrastruktur er eit næringsretta utviklingstiltak. Auka trafikk fører til konflikt mellom bilar og auken av fotgjengarar og målet med prosjektet er å etablere trygg gangveg for arbeidstakarar til og frå verna verksemd på Tongane industriområde, samt andre gåande og syklande. Søknadssummen er høg i høve til ramma for kompensasjonsmidlar og ei løyving vil difor ikkje vera med på å fullfinansiera prosjektet.

#### Turistveg Hardanger Steinsdalsfossen – søkjar Kvam herad

Anlegget er eit viktig reisemål og innfallspurt til turistveg Hardanger. Ei ferdiggjering av anlegget er med på å heva kvaliteten på reisemålsopplevinga. Reiseliv er eit satsingsområde i Hardanger og ei støtte vil felle inn under kriteriet næringsretta infrastruktur. Styringsgruppa har vurdert at prosjektet kan få støtte sjølv om prosjektet er gjennomført, sidan midlane ikkje vart lyst i 2015.

#### Infrastruktur i Kvam

Det er ikkje lagt inn søknad på midlar til infrastrukturtiltak i Kvam. Kommune/næringsliv må laga eit kort notat på kva infrastrukturtiltak dei ønskjer å nytta midlane til, før det vert gjeve tilsegn.

### **Kompetanseprosjekt:**

#### Omstilling til optimal maritim samhandling – søkjar Rubbestadneset.no

Sveinung Hansen frå Wärtsilä erklærte seg ugild og deltok ikkje i handsaminga av dette prosjektet. Søknaden stetter kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar. Blant anna Hordaland fylkeskommune sin regional næringsplan generelt og særleg punkt 4.3.4:

"For å få meir entreprenørskap og innovasjon skal vi særleg:

..... Stimulere til innovasjon i etablerte verksemdar, mellom anna gjennom klyngeutvikling og utvikling av nye innovative næringsmiljø med vekstpotensiale." Styringsgruppa rår til at søknaden vert stetta.

#### Ungt entreprenørskap – søkjar Atheno AS

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Ungt entreprenørskap sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane.

Søknaden gjeld kostnadar for 2015 og 2016. Styringsgruppa meiner at støtta for 2015 kan gjevast då midlane ikkje vart lyst ut dette året.

#### Etablering av regional næringshage – søkjar Næringshagen i Hardanger

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Næringshagen sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane. Kostnadane er på 2015 og finansiert med lån. Styringsgruppa meiner at sidan midlane ikkje vart lyst i 2015 er søknaden innanfor kriteria.

#### Ungt entreprenørskap i Hardanger – søkjar Næringshagen i Odda

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Ungt entreprenørskap sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane

#### Samanslåing og bedriftsutvikling – søkjar Øystese gymnas

Styringsgruppa meiner at det er det offentlege si oppgåve å stilla nok ressursar til rådvelde for at den «nye» skulen skal framstå som ein felles framtidssretta vidaregåande skule.

I søknaden vert det og sagt at skulen ynskjer å knyta sterkare band mellom dei ulike aktørane skule, lokalt næringsliv, Næringshagen i Hardanger, Kvam næringsråd og Kvam herad.

Bedriftene er oppteken av at det vert utvikla eit tett og godt samarbeid skulle næringsliv. Styringsgruppa rår til at søknaden vert støtta med eit redusert beløp.

Det er ein føresetnad at midlane vert nytta til auka samarbeid mellom skule – næringsliv, og at det skal vera fokus på å styrkja yrkesfaga. Dette må koma fram i ein ny søknad før midlane kan tildelast.

#### **Anna:**

##### Benkeprosjekt – søkjar Moster Amfi

Søkjar og tiltak er forankra i Bømlo, søkjar tilfredstillar krav om god gjennomføringsevne og søkjar er innanfor målgruppe som ein regional utviklingsaktør, her innan reiseliv og turisme.

Det var opphavleg i finansieringsplanen rekna med ca 1,5 mill meir i sponsormidlar. Grunna situasjonen i næringslivet har dei største bedriftene i Bømlo prioritert å bruka kompensasjonsmidlar i staden for sponsormidlar.

Under kriterier for kva tilskotet ikkje kan dekke står: «Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjektet». Midlane vart ikkje lyst ut i 2015 og selskapet måtte difor ta opp lån.

Styringsgruppa meiner at søknaden bør stettast, då dei omsøkte midlane er dekking av manglande sponsormidlar på grunn av situasjonen i næringslivet.

#### Arena for frukt og sider i Hardanger – søkjar Øystese Næringslag

Hovudmålet er å auka produksjonen av saft og sider med 20 % på tre år, kompetanseheving mellom sider – og saftprodusentane og ulike kundegrupper. Tiltaket støttar opp under strategiar innan reiseliv, nyskaping og kompetanseheving og vil kunna gje inspirasjon og overføringsverdi til småprodusentar som nyttar lokale råstoff, jamf. produksjon av saft, syltetøy, chotney, tørka frukt mm. Dette prosjektet bør knytast tett opp i mot lokalmatprosjektet i Hardanger.

Det er søkt om kompensasjonsmidlar for åra 2016 til og med 2017 på over 50% av totalkostandane i prosjektet. Ordninga med kompensasjonmidlar fell vekk frå 2017. Styringsgruppa rår til at søknaden vert stetta med eit redusert beløp. Midlane skal nyttast til å laga ein plan for ei satsing på sider og frukt i Hardanger som kan stå på eigne bein uavhengig av kompensasjonsmidlar.

#### Visjonsprosjektet «Tett på» - søkjar Hardanger og Voss museum

Søknaden fell inn under fylkeskommunale satsingar, blant anna Regional plan for attraktive senter og Regional Næringsplan 4.2.2 Utvikle attraktive regionale senter i distrikta ved mellom anna sterkare prioritering av næringsretta verkemiddel til slike senter.

I tillegg fell prosjektet inn under reiselivstrategien for Hordaland.

Muligheter for å nytta kompensasjonsmidlar til å finansiera områda kultur og idrett vart frå 2014 stramma inn. For slike søknader vert det kravd ein særleg dokumentasjon om næringsretta relevans.

Denne søknaden er i frå ein organisasjon som fell inn under ordninga med kompensasjonsmidlar, og styringsgruppa meiner at søknaden har næringsretta relevans fordi ei slik satsing det no vert lagt opp til vil styrka eksisterande arbeidsplassar, vil tilretteleggje for ei auka satsing på reiseliv og vil styrka Norheimsund som regionsenter.

#### Selskap for sal og distribusjon av lokalmat – Næringshagen i Hardanger

Interessa for lokalmat- og drikke, både lokalt, regionalt og nasjonalt er aukande. Dette medføre ein potensielt større marknad med betalingsvilje for produsentar av lokale produkt. Stadig fleire regionar har sett seg mål om å vera meir synlege og skaffa seg ein tydelig plass på det nasjonale matkartet. Her har Hardanger kome eit godt stykke på veg gjennom satsinga på lokalmat gjennom blant anna Hardangermeny, og no gjennom å samla aktørane gjennom satsinga det no vert søkt om.

Prosjektet fell inn under kriteria for bruk av midlar gjennom blant anna reiselivstrategien og innovasjon og entreprenørskap satsinga.

Forprosjektet er avgrensa til forretningsplan. Etablering av verksemda med eigarskap, styre, administrasjon og teikning av naudsynte kontraktar skal gjerast i eit eventuelt hovudprosjekt.

#### Bedriftsutvikling på Hardanger Fiskeforedling AS

Ei utviding av eksisterande slakteri vil sikra arbeidsplassane i verksemda og gje muligheiter for andre produksjonsformer og auke i arbeidsplassar. Det vil og gje muligheiter for vidareutvikling av andre verksemder som er etablert i industriområdet, samt at det vert tilrettelagt for nye.

I Nasjonale føringar, vedteke 24.06.2011 ved kongelig resolusjon er det sagt at det i regional planlegging under avsnitt om verdiskaping og næringsutvikling, at ein i planarbeid skal ha fokus på blant anna:

- Ta omsyn til ulike næringar sine behov for lokalisering og eigna areal
- Leggje til rette for å oppretthalde og vidareutvikle fiskeri og havbruksnæringa

Tilgang på næringsareal og gode transportløysingar kan vera ein flaskehals for utvikling. Dette prosjektet vil kunna leggja til rette for utvikling i ei bedrift, vil kunna leggja til rette for utvikling og ny etableringar samt å sikra avkøyring frå FV 49 inn på industriområdet.

#### Utvikling av Ålvik sentrum – søkjar Kvam herad

Prosjektet fell inn under kriteriet næringsretta infrastruktur, då det vert lagt opp til å tilrettelegga for:

- Auka bruk av torgområdet i Ålvik, som møteplass for folk i alle aldrar.
- Auka handel og bruk av andre tenester i området.
- Positiv merksemd rundt Ålvik.
- Ein ny attraksjon i området.
- Ringverknader i form av auka trivsel i Ålvik, med positiv verknad på til dømes busetnadsmønster og rekruttering til arbeidsplassar.

#### Vidareføring av prosjekt – auka turisme i Modalen – søkjar Modalen kommune

Mo er kommunesenteret i Modalen, og i Plan for senterstruktur i Hordaland er det sagt følgjande:

Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i. I delmåla vert det blant anna sagt noko om møteplassar, leikeplassar og balanse mellom handel, private og offentlege tenester.

Styringsgruppa meiner at dette prosjektet fell inn under denne strategien og rår til at søknaden vert stetta.

#### **Prosjekt som ikkje er prioritert.**

I kapittel 8 i planen er det gjort ei oppsummering og vurdering av dei prosjekta som ikkje blei prioritert.

Nedanfor er styringsgruppa si vurderinga teke med. Totalt dreier det seg om 4 prosjekt.

#### Utbetring av Skånevik kai – søkjar Etne kommune

Vurdering opp mot kriteria: Styringsgruppa meiner at søknaden til Skånevik kai fyller kriteria, men at det ikkje er nok midlar til ei støtte.

#### Stønad til utvikling og bygging av batteriferge – søkjar Fjellstrand AS

Vurdering opp i mot kriteria: Prosjektet fell inn under fleire av kriteria for bruk av midlane, blant anna hovudstrategi 4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon. Her vert det sagt noko om kor viktig det er at etablerte bedrifter bør ha fokus på innovasjon.

Dette prosjektet har høg grad av innovasjon, er eit viktig steg for å redusera utslepp av klimagassar og for å nå nasjonale mål i høve til utslepp.

*Under kriteria for bruk av midlane står det at midlane ikkje kan nyttast til å dekke renter på avdrag og lån eller finansiering av gjennomførte tiltak. (Nasjonale retningslinjer – Forskrift for distrikts – og regionalpolitiske virkemidler)*

*Ferja vart levert i 2015 og går i sambandet Lavik – Opdal. Styringsgruppa meiner difor at utviklingsarbeidet det her vert søkt om må ha vore gjennomført i forkant av bygging av ferga. Kostnadane er difor påløpt i ein periode som ikkje omfattar midlane for 2015 – 2016, og styringsgruppa rår til at søknaden ikkje vert stetta.*

#### Hardangerbadet 2016

*Vurdering opp i mot kriteria: Dette er eit trepartsamarbeid. Det er ein usikkerhet kring eigarforholda til hotellet. Det er i dag DNB som forvaltar eigarskapet. For Hardangerbadet vil dette bety at det ikkje vert avklart om det er mogeleg å gå vidare med planane før nye eigarar av hotellet er på plass. Kommunen har stilt som vilkår for si deltaking at alle element i prosjektet kan realiserast.*

*Sidan situasjonen ved hotellet er uavklart meiner styringsgruppa at ein avgjerande føresetnad for realisering ikkje er på plass og rår til at søknaden vert avslege.*

#### Bedriftsutvikling Øystese Mek Verkstad AS

*Vurdering opp i mot kriteria: I kriteria for bruk av midlane står følgjande »Bedrifter kan søke støtte til bedriftsinterne innovasjons,- kompetanse- og omstillingstiltak. Søknader kor fleire bedrifter går saman om ei tyngre satsing vil bli prioritert». Søknadane må tilfredstillast gjeldane regelverk for offentleg støtte til bedrifter og vil bli handsama av Innovasjon Norge.*

*Denne søknaden gjeld anskaffelse og implementering av nytt forhandlersystem i tilpassa ny innovativ IT-løsning.*

*Styringsgruppa meiner at innkjøp og implemnering av ny IT løysing ikkje er innovasjon eller omstillingstiltak, men må takast over drifta, og rår til at søknaden ikkje vert stetta.*

## **Fylkesrådmannen si vurdering:**

Fylkesrådmannen har gått gjennom planen. I høve framlegg av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016 har fylkesrådmannen kommentarar knytt til prioriteringa av følgjande prosjekt:

### 3.3 Turistveg Hardanger Steindalsfossen – søkjar Kvam herad

Prosjektet er gjennomført vinter vår 2016, etter at Kvam herad forskotterte kostnadane. Fylkesrådmannen tilrår å stette prosjektet. Det vurderast at prosjektet ligg innafor retningslinene då finansieringa frå Kvam herad må sjåast på som mellomfinansiering i påvente av at ein kunne søke om endeleg finansiering via kompensasjonsmidlane. Prosjektet hadde truleg ikkje vore gjennomført om ein ikkje hadde hatt moglegheit for å søke kompensasjonsmidlane.

### 3.4 Infrastruktur i Kvam

I dette prosjektet er det ikkje komen inn ein søknad. Styringsgruppa har likevel prioritert å ta med prosjektet i planen etter innspel i ettertid frå Kvam herad/næringslivet. Samstundes har styringsgruppa tilrådd at unyttta midlar blir lyst ut på nytt. Fylkesrådmannen tilrår difor at midlane avsett til dette prosjektet lysast ut på nytt i tråd med styringsgruppa sitt vedtak.

### 4.1 Omstilling til optimal maritim samhandling – søkjar Rubbestadneset.no

Med atterhald om at det vert lagt fram eit revidert budsjett med kostnadsnivå i høve styringsgruppa sitt innspel om maksimalt 50 % finansiering, vil fylkesrådmannen tilrå at foreslått ramme blir sett av til dette prosjektet. Prosjektet er viktig for omstillingsarbeidet i leverandørindustrien på Bømlø.

### 4.3 Etablering av regional næringshage – søkjar Næringshagen i Hardanger

Fylkesrådmannen vurderer at støtte ligg innafor retningslinene då finansieringa til etableringa av næringshagen i 2015 må sjåast på som mellomfinansiering i påvente av utlysning av kompensasjonsmidlane. Det er opplyst at oppstartkostnadane er finansiert med mellombels lån frå deltakarbedriftene.



#### 4.5 Samanslåing og bedriftsutvikling – søkjar Øystese gymnas

Styringsgruppa tilrår at det blir sett av kr 300 000 til støtte til eit anna prosjekt enn det som Øystese gymnas har søkt om kor fokus skal være auka samhandling skule-næringsliv. Fylkesrådmannen vil i staden tilrå at desse midlane vert lyst ut på nytt saman med dei øvrige unytta midlar tiltenkt Kvam herad. Søkjar kan då fremma ny søknad i tråd med styringsgruppa sine føringar.

#### 5.1 Benkeprosjekt – søkjar Moster Amfi.

Denne søknaden vart vurdert av administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, grunna at Samarbeidsrådet for Sunnhordland var ugild i saka. I innstillinga til styringsgruppa og RNF sto mellom anna følgjande:

*Kreteria stiller krav til at midlane skal ha utløysande effekt. Dette kan ein ikkje hevda då prosjektet er realisert og søknaden slik gjelde eit avslutta prosjekt. Kompensasjonsmidlar kan heller ikkje nyttast til å erstatta anna finansiering.*

*Finansieringsplanen er endra etter slutføring av prosjektet 26.04.2016 der ca. 1,5 mill. kroner samla frå sponsorstøtte, momsrefusjon og løyving frå Bømlo kommune er her søkt refinansiert gjennom å søkje 1,5 mill. kroner frå kompensasjonsmidlar.*

*Under kriterier for kva tilskotet ikkje kan dekke står: «Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjektet.»*

Styringsgruppa tilrår likevel at prosjektet vert stetta med den grunngevinga som er referert tidlegare.

I møtet til RNF 26.10.16 vart det oppmoda om at administrasjonen avklarte opplysningar om at prosjektet var fullfinansiert og avslutta før søknaden vart sendt. Tilbakemeldinga frå administrasjonen var som følgjer;

*Tidleg i mai 2016 mottok Hordaland fylkeskommune eit rekneskap signert av selskapet og som var attestert av KPMG som selskapet sin revisor kor det går fram at prosjektet er avslutta og finansiert. I finansieringsplanen inngår ikkje kompensasjonsmidlar. I revisor sin rapport står det mellom anna: «På tidspunkt for avleggelse av prosjektrekneskap er ikke alle inntekter inngått hos Moster Amfi- og Kirkehistorisk Senter AS hvorfor disse i et vis omfang er medtatt i henhold til budsjett».*

*Vi forstår dette slik at sjølv om ikkje alle deltaljer rundt finansieringa var på plass på det aktuelle tidspunkt var den innsendte finansieringsplanen å anse som bindande for prosjektet og at det dermed var fullfinansiert. Det er difor vanskeleg å sjå korleis kompensasjonsmidlar no kan ha ein utløysande effekt på prosjektet slik forskrifta krev.*

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at styringsgruppa si argumentasjon for å støtte prosjektet inneheld nye opplysningar som gjer at administrasjonen si tilråding bør endrast.

Fylkesrådmannen vil presisere at Moster Amfi som institusjon har ein viktig funksjon for handel, reiseliv og kultur på Bømlo. Dei to hovudargumenta for ikkje å støtte dette prosjektet er at prosjektet allereie var gjennomført og fullfinansiert før det blei søkt om støtte via kompensasjonsmidlane og at dette konkrete prosjektet er eit kulturprosjekt med liten næringsmessig relevans.

#### 5.5 Bedriftsutvikling på Hardanger Fiskeforedling AS

Å gå direkte inn å støtte et privat reguleringsplanarbeid med offentlege midlar blir vurdert som direkte bedriftsstøtte, jf. Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler § 9a. Den fastsette ramma vil derfor bli overført til Innovasjon Noreg for vidare handsaming, slik at støtte kan bli gitt i tråd med gjeldande regelverk for bedriftsstøtte.

#### Unytta midlar tiltenkt prosjekt i Kvam og Bømlo.

Som det går fram av det som er vurdert over, vil delar av ramma som er tiltenkt prosjekt i Kvam og på Bømlo ikkje bli nytta i denne omgang. Fylkesrådmannen er samd med styringsgruppa i at unytta midlar lysast ut på nytt. Dette vil gjelde Kvam herad og Bømlo kommune. Sjølv om næringslivet i Kvam i ettertid

har tilrådd at unyttede midlar nyttast til infrastruktur, vil det vere mest ryddig at alle unyttede midlar lysast ut på nytt.

Kort orientering vedrørende unyttede midlar frå tidlegare år

Mange av prosjekta som er prioritert i planer for bruk av kompensasjonsmidlar for tidlegare år er fullførte og midlane er utbetalt. Ein del midlar er framleis bundne opp i pågåande prosjekt, og nokre prosjekt er enno ikkje starta av ulike grunnar. Fylkesrådmannen har også fått melding om at nokre av prosjekta ikkje vil bli gjennomført som planlagt. Det er såleis midlar som ikkje er bundne opp i prosjekt eller kor prosjektstatus er uklart. Fylkesrådmannen har difor satt i gang eit arbeid med gjennomgang av dei unyttede midlane. Eg vil kome attende med ei sak om dette når arbeidet er fullført.